



**Jostedalsbreen
nasjonalpark**


Postadresse
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Rådhuset i Luster
6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 93 66 42 56/ +47 90 19 24 71
fmsfmck@fylkesmannen.no
toaha@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen

Konkurransesgrunnlag:

Istandsetting av drifteveg mot Sunndalssetra i
Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark 2019



Tilbodsfrist:

19.juni 2019 kl.12:00

Tilbud skal sendast på epost til
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

jostedalsbreen@fylkesmannen.no med kopi til
toaha@fylkesmannen.no



Innholdsliste

1 GENERELL SKILDRING.....	3
1.1 Om oppdragsgjevar	3
1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson	3
1.3 Skildring av oppdraget	4
1.4 Deltilbod.....	5
1.5 Kontraksperiode	5
1.6 Kontraksverdi, timepris og omfang.....	5
1.7 Oppbygging av konkurransegrunnlaget	5
1.8 Kunngjering.....	6
1.9 Viktige datoar	6
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN.....	6
2.1 Anskaffingsprosedyre.....	6
2.2 Atterhald og avvik	7
2.3 Vedståingsfrist.....	7
2.4 Avlysing av konkurransen og totalforkasting	7
3. OBLIGATORISKE DOKUMENTASJONSKRAV	7
3.1 Skatteattestar	7
3.2 Kvalifikasjonskrav	7
4. TILDELINGSKRITERIUM.....	8
5. INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING.....	8
5.1 Innlevering av tilbod	8
5.2 Utforming av tilbodet	8
5.3 Tilbod og offentleglova.....	8
6. KONTRAKTSMESSIGE TILHØVE	9
7. VEDLEGG.....	10
Vedlegg 1: Pris- og tilbodsskjema.....	10
Vedlegg 2: Restaurering av drifteveg mot Sunndalssætra i Jostedalen nasjonalpark – rapport med tilråding for tiltak og kostnadsoverslag (2016)	10
Vedlegg 3: Sluttrapport for første år av restaurering drifteveg Sunndalen (2018)	10



1 Generell skildring

1.1 Om oppdragsgjevar

Fylkesmannen i Vestland v/ Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er oppdragsgjevar.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er forvaltningsstyresmakt for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Oppgåvene til nasjonalparkstyret er:

- Forvalta verneforskrift og anna lovverk
- Skjøtsel og tilrettelegging i verneområda
- Formidla informasjon og kunnskap om verneområda og verneverdiane.

Føremålet med nasjonalparken er:

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap

Jostedalsbreen nasjonalpark har forvaltningsknutepunkt med kontor på rådhuset i Gaupne. Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som er sekretærar og sakshandsamarar for nasjonalparkstyret. Forvaltarane har ansvar for å fylgje opp vedtak fatta av styret, og fylgje opp tiltak i regi av nasjonalparkstyret.

Statens naturoppsyn (SNO) er miljøforvaltninga sitt operative feltorgan. SNO sin lokale representant i Jostedalsbreen nasjonalpark vil følgje opp arbeidet undervegs.

For nærare informasjon om vår organisering og verksemd vert det vist til heimesidene våre på www.nasjonalparkstyre.no og www.naturoppsyn.no .

1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson

Namn : Nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge
E-postadresse: toaha@fylkesmannen.no
Telefon : 57643133/ 90192471

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen per e-post eller telefon.

Det skal ikkje være kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgjevar enn nemnde kontaktperson, med mindre anna er avtalt.



1.3 Skildring av oppdraget

Føremålet med kjøpet er tredelt:

1. Å gjere enkel restaurering for å ivareta og synleggjere den gamle driftevegen som eit kulturhistorisk minne
2. Å gjere driftevegen inn mot Sunndalssetra trygg for storfe slik at fleire bruk med beiterett i dalføret vil nytte seg av sommarbeite her inne og dermed bidra til at kulturlandskapet vert halde i hevd
3. Å stimulere og leggje til rette for utøving av enkelt friluftsliv

Nasjonalparkstyret har arbeidd med istandsetting av utvalte stiar og drifteveggar i nasjonalparken. På nokre av stiane og driftevegane er det aktuelt med oppgradering for betre tilrettelegging for ferdsel og framkomelegheit for folk og fe. Nasjonalparkstyret får årleg tildeling av tiltaksmidlar over statsbudsjettet. Val av tiltak som kan setjast i gang er avhengig av tildelte midlar det enkelte året, og kan variera frå år til år.

I 2016 fekk nasjonalparkstyret utarbeidd rapporten *Restaurering av drifteveg mot Sunndalssætra i Jostedalen nasjonalpark – rapport med tilråding og kostnadsoverslag*. Restaureringa som er tilrådd i rapporten er meint å setje vegen i ein tilstand som gjer det trygt å kunne drive storfe etter. Det betyr reparasjon og oppgradering tilbake til minst slik den ein gong var. Storfe i dag har høgare vekt og er mindre smidig enn buskap var tilbake i tid. God breidde og djupne på trinn der ein må mure er difor nødvendig.

I 2018 vart om lag 480 meter av den gamle driftevegen rusta opp. Strekninga frå starten av vegen ved brua ved Sunndalen og fram til midt i Grønebakkjen, POI 9 i rapporten, vart då rusta opp, mesteparten ved bruk av maskiner.

I 2019 er det planlagt kjøpe tenester for å vidareføre arbeidet med restaurering av driftevegen i Sunndalen som vart starta opp i 2018. Målet er å ruste opp resten av driftevegen frå Grønebakkjen POI 9 og inn til Glåma POI 46, ei samla lengde på om lag 1500 meter. Store delar av strekninga er det ikkje trong for å gjere noko, men på einskilde bratte parti er det trong for større tiltak som muring av trapp/trinn og breidding av stien. Arbeidet må gjerast manuelt utan bruk av maskin, og der det ikkje finst tilgjengeleg stein langs stien må dette flygast på plass med helikopter. Kostnaden med eventuell flyging av stein til stien vert dekkja av oppdragsgjevar, og skal ikkje vere ein del av tilbudsprisen.

Arbeidet som skal gjerast er skildra i rapporten frå 2016, sjå vedlegg.

Tiltak skildra i rapporten:

- Breidde ut sti/endre profil på stien
- Steintrapper – reparere og mure nye
- Bygging av stikkrenner, og leie vatn vekk frå stien
- Rydding av skog med motorsag
- Legge stein i våte parti av stien.
- Planlegging og leiing av arbeidet på stien



Vilkår

Oppdragstakar skal bruke eige utstyr ved utføring av oppdraget. Oppdragstakar må syte for nødvendige forsikringar av utstyr og personell.

Oppdragstakar har sjølv ansvar for eiga sikkerheit i samsvar med lov eller i medhald av lov, og følgjer eigne sikkerheitsreglar.

Tilbydar må ta omsyn til at det skal arbeidast i eit verna område, og fylgje dei reglar, føringar og pålegg som det fører med seg. Oppdragstakar må setje seg inn i verneforskrift og andre retningsliner for arbeid innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark.

Detaljar for utføring av arbeidet vert avtalt med leverandør under synfaring eller i møte før oppstart av oppdraget. Sjå vedlagde rapportar for meir detaljar om det planlagde arbeidet på driftevegen. Dersom noko er uklårt i rapporten må forvaltar konsulterast før igangsetjing.

1.4 Deltilbod

Det er høve til å gje tilbod på deler av oppdraget. Oppdraget kan då delast i:

- Planlegging og leing av arbeid
- Praktisk stiarbeid

Det skal kome klårt fram av tilbodet om det gjeld delar av arbeidet, eller det gjeld heile arbeidet. Dei einskilde delane av arbeidet skal prissetjast i pris- og tilbodsskjema.

Oppdraget kan utførast av fleire tilbydarar i samarbeid.

1.5 Kontraktsperiode

Arbeidet skal utførast i perioden 1. juli 2019 – 30. november 2019.

1.6 Kontraktsverdi, timepris og omfang

Kjøpet sin totale kontraktsverdi rekna til om lag kr 500 000,- eks.mva. Det vert teke atterhald om bortfall av finansiering av oppdraget eller manglande godkjenning.

Eventuelle kostnader til reise- og opphald skal i tilbodet bakast inn i timeprisane.

1.7 Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Dette dokumentet består av to delar:

- Del 1 – Dette dokumentet med reglar for gjennomføring av konkurransen med kvalifikasjonskrav og tildelingskriterium.
- Vedlegg
 - Rapport (2016) - Restaurering av drifteveg mot Sunndalssætra i Jostedalen nasjonalpark – rapport med tilråding og kostnadsoverslag. Bilde vedlegg.
 - Sluttrapport frå arbeidet i 2018



Konkurransesgrunnlag med alle vedlegg er lagt ut på www.nasjonalparkstyre.no . Bilder som er vist til i rapporten (2016) er berre lagt ut på nettet.

1.8 Kunngjering

Verdien av anbudet er anslått til å ligge under terskelverdien som er på 1,3 mill. NOK eks.mva., og er fritaken frå kunngjeringsplikta.

Oppdragsgjevar vil ta kontakt med minimum tre aktuelle leverandørar for å be om tilbud.

1.9 Viktige datoar

Tidsfristar	
Kunngjering – spørsmål om tilbud sendt til tre tilbydarar	05.06.2019
Frist for påmelding til synfaring	12.06.2019 kl. 11:00
Synfaring – frammøte ved Joker i Hjelledalen (om tilbydarar har meldt seg på synfaring)	13.06.2019 kl. 11:00
Spørsmålsfrist	15.06.2019 kl. 12:00
Tilbodsfrist	19.06.2019 kl. 12:00
Vedståingsfrist	19.08.2019
Evaluering av tilbud	Veke 25 og 26
Tildeling	26.06.2019
Signering av kontrakt	27.06.2019

Ein gjer merksam på at tidspunkta etter tilbodsfristen er rettleiande. Tilbud som ikkje er mottekne innan tilbodsfristen vil ikkje verte vurdert.

2 Reglar for gjennomføring av konkurransen

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anbud vert gjennomført i medhald av lov om offentlege anskaffelsar dagsett, 17.juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffelsar (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I.

Vurdert verdi av dette kjøpet er under den nasjonale terskelverdien som er på kr. 1 300 000,- eks.mva., og er fritaken kunngjeringsplikta. Konkurransen vert gjennomført etter forskrifta sine alminnelege bstemmelsar (del I) og dei bestemmelsar som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Konkurransen vert gjennomført som ein anbodskonkurranse utan forhandlingar.

Oppdragsgjevar vil kontakte minst 3 tilbydarar for å be om tilbud. Konkurransen vil og verte kunngjort på www.nasjonalparkstyre.no .

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å gjennomføre eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda. Leverandørane blir oppmoda på det sterkaste til å følgje dei tilvisingane som er gjeve i dette



konkurransesgrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål om noko er uklårt per e-post til kontaktperson. Dersom leverandøren finn at konkurransesgrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hjå oppdragsgjevar ved oppdragsgjevar sin kontaktperson. Tilleggsinformasjon skal uoppfordra formidlast til andre som melder si interesse for oppdraget, og leggjast ut som tillegg på nettstaden der konkurransesgrunnlaget er gjort tilgjengeleg.

2.2 Atterhald og avvik

Dersom leverandøren tek atterhald mot delar av konkurransesgrunnlaget/kravspesifikasjon eller andre konkurransedokument, skal det klart gå fram av tilbodet. Atterhalda skal spesifiserast med kva for konsekvensar dette har for yting, pris eller andre forhold. Det same gjeld for avvik.

2.3 Vedståingsfrist

Leverandøren må stå ved tilbodet sitt til det tidspunktet som er gjeve i pkt. 1.9 ovanfor.

2.4 Avlysing av konkurransen og totalforkasting

Oppdragsgjevar tek atterhald om rett til å avlyse konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn, for eksempel ved bortfall av planlagt finansiering eller manglande godkjenning frå politisk hald. Oppdragsgjevar kan forkaste alle tilboda dersom resultatet av konkurransen gjev sakleg grunn for det, for eksempel om det børir vurdert at ingen innkomne tilbod møter krava i kravspesifikasjonen.

3. Obligatoriske dokumentasjonskrav

3.1 Skatteattestar

Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til innbetaling av skatt og meriverdiavgift. Leverandøren skal ha eit fungerande HMS-system. Med tilbodet skal det difor leggjast ved:

- skatteattest for betalt skatt og meirverdiavgift (attestane skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå utløp av tilbodsfristen).

3.2 Kvalifikasjonskrav

Leverandøren skal stadfeste at han er registrert i føretaksregisteret og skal gje opp organisasjonsnummer i tilbods brevet.

Leverandøren må ha spesialkompetanse på restaurering av stiar i bratt og uvegsamt terreng ved bruk av stein og ved bruk av manuelt reiskap og utstyr. Leverandøren skal dokumentere god og relevant erfaring frå tilsvarande arbeid.

Med tilbodet skal det difor leggjast ved liste over dei 3 mest relevante oppdrag, inkludert opplysningar om verdi, tidspunkt og oppdragsgjevar (kontaktperson for referansesjekk).



4. Tildelingskriterium

Tildeling av kontrakt vil skje på grunnlag av det samla sett mest fordelaktige tilbudet, basert på følgjande kriterier (uprioritert rekkefølge):

- spesialkompetanse hjå personar som skal utføre arbeidet
- timepris planlegging og arbeidsleiing
- timepris praktisk stibygging
- relevant erfaring frå tilsvarande oppdrag
- referansar
- gjennomføringsevne og personlege eigenskapar

5. Innlevering av tilbud og tilbudsutforming

5.1 Innlevering av tilbud

Tilbud skal leverast pr. e-post til toaha@fylkesmannen.no med kopi til jostedalsbreen@fylkesmannen.no og merkast «Istandsetting av drifteveg mot Sunndalssetra 2019»

5.2 Utforming av tilbudet

Tilbudet skal innehalde:

- Datert og signert tilbudsbrief med aksept av vilkår i konkurransegrunnlaget
- Prisskjema/timepris
- Skatteattest for skatt
- Skatteattest for meirverdiavgift
- Liste over 3 relevante oppdrag, inkludert verdi, tidspunkt og oppdragsgjevar
- CV for personar som er tiltenkt roller ved gjennomføring av oppdraget. CV skal innehalde opplysningar om:
 - Personalia
 - Nøkkelpkvalifikasjonar
 - Erfaring: oppdrag/oppdragsgjevar, tidsrom, roller, arbeidsoppgåver

Leverandøren er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt vert svart på og dokumentert i tilbudsbriefet.

5.3 Tilbud og offentleglova

Oppdragsgjevar gjer merksam på at ålmenta har innsyn i tilbud og protokoll etter lov 19. mai 2006 nr. 16 (offentleglova).

Oppdragsgjevar og hans tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold som det, av omsyn til konkurranse, vil vere viktig å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og jf. forvaltingslova § 13.



Leverandøren skal levere ei ekstra utgåve av tilbudet som kan nyttast ved krav om innsyn. I dette eksemplaret skal leverandøren, dersom aktuelt, sladde det som er vurdert å vere forretningsforhold som det, av omsyn til konkurranse, vil vere viktig å halde hemmeleg. Likevel er oppdragsgjevar plikta å gjere ei eiga vurdering av dokumentet opp mot lovverket ved krav om innsyn.

6. Kontraktsmessige tilhøve

Det vert nytta eige avtaleskjema for kjøp av tenester/avtale om arbeidsoppdrag.

Frå 1. juli 2012 skal alle statlege verksemdar krevje elektronisk faktura frå sine leverandørar. «Leverandøren må kunne levere elektronisk faktura til DFØ sitt fakturamottak i elektronisk handelsformat (EHF), fastsatt av Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet. Leveranse av elektroniske fakturaer skal skje på den av DFØs til enhver tid valgte kommunikasjonsmetode. Ved endring av kommunikasjonsmetode vil leverandøren bli varslet seks måneder før nødvendig endring finner sted.»

Vår elektroniske adresse er organisasjonsnr: 974 763 907
Faktura skal merkjast med følgjande referanse til prosjektet: «3850MCK»

Dei som ikkje har høve til å sende elektronisk faktura kan nytte postadresse:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fakturamottak DFØ
Postboks 4746
7468 Trondheim



7. Vedlegg

Vedlegg 1: Pris- og tilbudsskjema

Vedlegg 2: Restaurering av drifteveg mot Sunndalssætra i Jostedalen nasjonalpark – rapport med tilråding for tiltak og kostnadsoverslag (2016)

Vedlegg 3: Sluttrapport for første år av restaurering drifteveg Sunndalen (2018)